

Kommunal- og regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

KOMM. OG REG. DEP
01 FEB 2005
04/2771-177
Ark. 03
Avd. RAISSAMAG

Isdalstø 31.01.2005

Høyringsuttale - NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regionar.

Styret for Regionrådet Nordhordland IKS handsama på sitt møte 25. januar 2005, til orientering, NOU 2004:19 Livskraftige distrikt og regionar.

I same utførelse tok styret og med punkt som omhandlar KOU 2004:1 Sterke regioner.

Styret i Regionrådet er samansett av ordførarane i dei seks kommunane; Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy.

Styret for Regionrådet Nordhordland IKS gjev følgjande uttale til NOU 2004: 19 og til KOU 2004:1.:

Eit sterkt folkevald regionalt nivå.

Styret for Regionrådet Nordhordland IKS vil peike på at eit sterkt regionalt nivå med ansvar for breie samfunnsoppgåver, krev større regionar enn i dag.

Styret gjev såleis si støtte til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om eit folkevald nivå mellom kommunar og stat som har ansvar for regional utvikling innan sine geografiske grenser på nærmare fastsette område.

Styret støtter og framlegget i hovudmodellen i KOU 2004.1 med ein felles Vestlandsregion.

Vestlandsregion.

Styret finn det naturleg at det vert arbeidd vidare med å etablere ein region på Vestlandet.

Det er styret si meining at større regionar vil ha betre gjennomslagskraft på både nasjonalt og internasjonalt nivå. Regionane bør ta eit naturleg ansvar for samarbeid med regionar i andre land.

Styret har ikkje vurdert om det er rett med 5, 7 eller 9 landsdelsregionar. Vestlandet har ei rekkje felles utfordringar, spesielt innan næringsutvikling og samferdsel. Landsdelen har også langt på veg ein felles identitet. Ein region som omfattar fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vil vera sterk nok til å ta på seg viktige samfunnsoppgåver.

Oppgåver for sterke regionar.

Styret meiner at ved statlege overføringar, må prinsippet vera at pengane og mynde følgjer oppgåvene.

Styret vil peike på at skal det etablerast eit meiningsfullt folkevalt regionalt styringsnivå, må dei statlege oppgåver som gjev landsdelen påverknad over eiga utvikling, overførast til det regionale styringsnivået.

I samband med val av oppgåvedeling og regioninndeling i Noreg, må det ryddast i inndelinga av dei administrative strukturane for statlege foretak, institusjonar, direktorat og andre forvaltningseiningar slik at det vert eit heilskapleg styringssystem i landet.

Styret meiner elles at både det kommunale og regionale nivået bør bli grunnlovsfesta.

Oppgåver for det kommunale nivået.

Styret meiner at alle oppgåver som kan leggjast til det kommunale nivået skal leggjast til kommunane i tråd med nærleiksprinsippet. Kommunane må setjast i økonomiske stand til å utføra oppgåvene sine.

Dei større byane.

Styret meiner dei store byane er viktige som næringsøkonomiske og faglege motorar i sine landsdelsregionar og har såleis og viktige nasjonale funksjonar. Det pålegg både regionane og byane eit ansvar for å utvikle strategiar som gjer at ein kan nytte ut denne "motorkrafta".

Grunnrente for havbruk.

Styret er samd med framlegget om at kommunane bør få "grunnrente" for bruk av sjøareal til havbruksnæringa. Kystnære sjøareal er ein avgrensande faktor for utvikling av næringa, og inntekter vil kunne gje kommunane insentiv til å leggje ut areal til næringa.

Distriktsverkemiddel.

Etter styret si meining bør departementet gjennomføre ein analyse av den geografiske avgrensinga av det distriktpolitiske virkeområdet. Styret ber om at ein vurderer dette i høve til kommunar og område som i dag ligg utanfor dei større ABS-regionane og samstundes ikkje er definert inn under det distriktpolitiske virkeområdet.

Styret støtter elles hovudtrekka i Distriktskommisjonen sine tilrådingar når det gjeld innretting av den smale distriktpolitikken og at det er trong for å styrkje dette feltet.

Styret tilrår å oppretthalde og auke pendlarfrådraget som eit viktig verkemiddel.

Samferdsel.

Styret vil peike på at i framtidige store regionar vil det vere sentralt å betre kommunikasjonane intern i regionane for med dette å kunne knyte saman arbeids- og bustadområda. Auka satsing på infrastruktur er avgjerande for velfungerande regionar og distrikt.

Konklusjon.


Styret for Regionrådet Nordhordland IKS sluttar seg til Distriktskommisjonen si fleirtalstilråding om at det er trong for eit nytt folkevald regionalt nivå med større regionar til erstatning for dagens fylkeskommunar. Styret støtter og framlegget i hovudmodellen i KOU 2004.1 med ein felles Vestlandsregion.

Styret støttar Distriktskommisjonen si tilråding om omfattande desentralisering og samordning av verkemiddel i distrikts- og regionalpolitikken til eit regionalt folkevald nivå.

Sterke og sjølvstendige regionar må ha mynde til å føreta ei reell samordning av politikken på område som er viktige for den regional utviklinga. Dette vil bidra til å skapa vekst og utvikling og til å utløyse meir av verdiskapingspotensialet i alle delar av landet.

Styret sluttar seg i hovudsak til Distriktskommisjonen sitt framlegg om kva for oppgåver som bør leggjast til det nye folkevalde regionale nivået og ventar ei vidare drøfting om overføring av oppgåver for å styrkja det kommunale nivået. Styret støttar Hordaland Fylkesting i at det er viktig at spørsmålet om utforming av det framtidige folkevalde regionale nivået vert avklart snarast råd, og rår til at ein ikkje avventar den planlagde evalueringa av fylkeskommunen i 2007. Styret sluttar seg elles i all hovudsak til fleirtalstilrådingane frå Distriktskommisjonen med dei presiserande synspunkta som følgjer ovanfor.

Med helsing
Regionrådet Nordhordland IKS



Eilif M. Berntsen
dagleg leiar